# Styremøte torsdag 9/7-87

**Sak 22/87: Referat**

Inng. korr. referert

**Sak 23/87: Innkjøp av NIL-medaljar til „Bygda rundt"**

Jån Helge Nygård var innkalla til møtet, men møtte ikkje.

Trim-/friidrettsgruppa har kjøpt inn 500 stk medaljar til premiering i Bygda rundt, utan at styret på forehand var kjend med dette. Kjøpesum kr 8.022,-.

Rekneskapen til kassereren viser ei utgift hittil i år på trim-/friidrettsgruppa på kr 15.262,40 og ei inntekt på kr 925,-. (Bilag mottekne og ført pr. 9/7-87.) (inkl. medaljane)

~~Skriv sendt trim-friidrettsgr.:~~

Laget sitt årsmøte og styre har tidlegare prioritert utbygging av anlegg i samband med alpinanlegget på Lilleås. Eit innkjøp som dette må nødvendigvis innverke på laget sine disponeringar, og styret finn det svært uheldig at innkjøpet har vore gjort utan styret si handsaming.

I sitt brev av 9/7-87 viser trim-/friidrettsgruppa ~~på~~ til at medaljen er avtalt i deira møtereferat av 24/2-87. Styret i NIL handsama gruppa sine innkjøp etter deira oppsett i sak 5/87, NIL-styre-sak 14/87. Medaljar er nemnt i gruppa si ~~deira~~ sak 7/87, men ikkje nærare konkretisert som ei

økonomisk belastning for laget, eller som innkjøp. Styret finn det rett å nemne av det økonomiske ansvaret gruppene må ha dersom laget skal kunne gjennomføre sine vedtekne oppgåver, og ein finn det vidare heilt rimeleg at trim/-fri-idrettsgruppa skaffar inntekter i resterande del av året slik at den økonomiske ubalansen i gruppa vert sterkt betra. Slike inntekter bør kome frå tiltak som idrettslaget elles ikkje arrangerer.

Vi torer vidare be om at trim-/friidrettsgruppa drøftar dette med NIL-styret dersom dei finn dette naudsynt, eller at NIL-styret vert informert om slike planar på annan måte innan 15. august.

Styremøte tirsdag 22.09.87.

Stad: Ungegarden

Sak 24/87. Rapport av innkome materiell/Skriv.

Sak 25/87. Garasje

Arbeidsoppgåver til dugnad fordelte.

Ivar Nydal og Gunnleiv Storås opprasjonsleiarar.

Oppstarting 26/9.87.

Sak 26/87. Trenarkontrakt v/Inge Hilleås for Skiløp. underskriven av styret.

Sak 27/87. Sponsing av Sparebanken Møre

Søknad svar Sparebanken Møre. om sponsor midlar.

Fornyinq av sponsorkontrakt med NORDSAL INDUSTRIER. Bjørn ordnar det.

Sak 28/87. Papirinnsamling

Bjørn skriv rundskriv.

~~[illegible]~~

Torsdag 8.10.87 Kl. $17^{00}$

Innsamlingsdag.

Bjørn snakkar med Emballasje om avhenting.

Eldar Inge ordnar med køyring.

~~Sak 29/87 Søknad om stig~~

Møte avslutta Kl. $23^{45}$

[signature]

Steinar [illegible] Holm.

Bjørn Rekling

Eldar Inge Rekling

Styremøte. 4.11.87.

Stad. Ekkegarden 20⁰⁰

~~Sak~~ Sak 29/87. Referat av innkomne materiell.

Sak 30/87. Valg av fest komité

Ny komité valgt av fjorårets komité

Petter Melchior. innkaller til forb. møte.
~~Lars Roar Storås~~ innev. 1s. nov.
Håvard. Engesetn.
Olav Melchior.
Audhild Jasstorn.
Gjerv Meland Pelling
Anne Nystad.
Gerd. Aarstad Pelling.
Bjørn Helge Nygård.
Vera. ~~Bjørn Helge Nygård.~~
Gjertrud Melchior.
Lars Roar Storås

Sak. 31/87. Forberedelse til årsmøte.

Valgkomiten oppf. Kontakta
Bjørn Kontakter. Valgrenda.
~~Valg av fest komité~~
Årsmøte fastsatt. til. 1. desember.
Sakliste oppslått på Storås Handel.
5.11.87. L.R. Storås

Møte slutt 22⁰⁰

L. M.     L.R. Storås     [signature]

# ÅRSMØTE TIRSDAG 1. DESEMBER 1987

PÅ GRENDAHUSET, Kl. 20[00]

FORMANNEN SÍ ÅRSMELDING, 1987:

Styret i Norddal idrettslag har i 1987 vore:
Formann: Bjørn Relling
Kasserar: Stein Ivar Krohn
Nestformann: Lars Magnar Ytredal
Sekretær: John Kåre Storås
Styremedl.: Eldar Inge Relling

Året kan vel ikkje seiast å vere noko spesielt merkeår for laget, men likevel har det i 1987 hendt ein del som er verdt å legge merke til. Dei idrettslege aktivitetane reknar eg med at gruppene har teke med i sine årsmeldingar, og eg vil difor kort ta med nokre av dei 31 sakene som styret har handsama på sine 7 styremøte.

Sak 9/87: Styret bestemmer å kjøpe nye luftgevær.

Sak 12/87: Papirinnsamling er nytt av året for laget. Tilsaman har vi samla inn 8500 kg.

Sak 21/87: Styret vedtok å søkje tippemidlar for skibu og garasje på Lilleås. Total kostnad skibu: kr 597.000,-. Garasje kr. 116.000,-.

Sak 26/87: Festekontrakt for tomt til skibu og garasje underskriven av styret.

Sak 27/87: Sponsoravtalen med Sparebanken Møre. Fotallen er „verdt" kr 3.000,-.

Etter søknad har vi fått tildelt kr. 13.150,- i kulturmidlar frå kommunen.
Noko som absolutt er verdt å merke seg er det høge medlemstalet, som faktisk er rekord i laget si historie. 154 medlemar er 42 stk, eller 35% fleire enn i fjor.! At det er så mange som støttar laget, bør inspirere til både administrativ innsats og idrettsleg representasjon for Norddal idrettslag.
I løpet av hausten har vi fått opp ny garasje til trakkemaskina og scooteren. Sjølv om arbeidet kom i gong seint på året, har vi ved hjelp av godt vêr og driftige dugnadsfolk så og seie fått avslutta arbeidet. Idrettslaget har fått god lokal støtte til prosjektet. Sjølv om mange sikkert ikkje har hatt høve til å delta på dei mange dugnadane vi har hatt, og trass i „ordtaket" „Ingen nemnt, ingen glemt", syns eg likevel det må vere rett å nemne fire som i følge dugnadsboka har brukt mykje av si fritid på Lilleås i haust: Lars Magnar Ytredal, John Kåre Storås, Ivar Nydal og Halvard Engeseth.
Idrettslaget har inngått avtale med Randi og Inge Lilleås om festekontrakt på tomt til skibu og garasje, eitt greitt samarbeid som har lagt grunnlaget for framtidig drift av skianlegget på Lilleås. I kommunal- og fylkesregi har parkeringsplassen vorte utvida, slik at tilhøva i området no skulle vere endå betre enn før. Planen er å starte med bygging av skibu i 1988, og eg vonar at aktiviteten i området og i laget tydeleg vil vise at anlegget må utbyggast etter planen.

Gledeleg er det at det nystarta Norddal / Eidsdal 7-divisjonsfotballen. Samarbeidet mellom bygdene har fungert, og laget gjekk heilt til topps i 7. divisjon -88-sesong, med m.a. gode lokaloppgjer mot Valldal og Stordal. For dei som aktivt tek del i fotballen, må ein innsjå at dette tek mykje tid, og går utover andre oppgåver. Eg trur ein skal tenkje på dette i samband med val til sentrale verv i Norddal idrettslag.

Økonomisk har laget vore drive bra. Gjennom bingoen, som no er tradisjon, har dei aller fleste i bygda vore med å skaffe laget god inntekt. Ein medvask av dei nye eldrebustadane skaffa laget kr. 7.500,-, og i dugnadslista der både store og enda større er registrert, finn vi 31 personar.

Økonomien er eit av dei sentrale punkt for å halde drifta i gong. For å planlegge og å styre økonomien, meiner eg at eit årsbudsjett må vere ei viktig oppgåve for det nye styret. I tillegg må arbeidet med langtidsplan for idrettslaget gjerast komande år. Slike krav må laget oppfylle, dersom ein i framtida lettare skal kunne få offentleg stønad, som t.d. tippemidlar.

Når året no er omme, er det mange oppgåver ein tenkjer attende på, og som „skulle ha vore gjort." Å fordele oppgåvene er viktig, og det er gledeleg å merke at det ikkje vert oppfatta som masing når ein bed om hjelp. At enkelte må seie nei av og til er ikkje urimeleg.

Neste år ventar likevel nye oppgåver, og alle får ny sjansje til å vere med å dra lasset. Det er likevel å håpe at dei som sit på lasset kjem med å held „gjengangarane" med selskap!
Takk til alle på medlemslista for i år, og velkomne att i 1988!

Bjørn [illegible]
-formann-

Sak 1. Årsmelding

Inge N. Selling
Colbj. Ytredal
Skriv under protokollen

Formann refererte årsmeldinga der vert godkjend utan komentar.

Sak 2. Rekneskap.

Inge Lillerås meinte ei burde fordele kunstmidlar på dei forskjellige gruppene for å få eit meir reelt bilete av inntektene.

Inge Lillerås påpeika Trim/Friidretts premie kjøp på 11039.10. Han fekk forklart årsaka til denne summen.

Kasse. 602,28.
Bank. 18123,95.
Bank, høgrent. 31.271.32

Overskudd 1987. 4267,89.
Rekneskapet godkjend utan kommentar.

Sak. 3. Årsmeldingar grupper.

Fotballgruppa: Godkjendt utan kommentar
Trim/Friidrett : —"— : —"—
Skigruppa : —"— : —"—

Inge Hilleås påpeika at V.I.L. ikkje hadde vore til stades når Valldal I.L. opna sitt stadion i sommar. Styret tek kritikken til seg og vil rette på dette.

Sak. 4.

Val.
Det møtte 18. ~~saug~~ stemmeberettiga.
Valgnemnda kom med si innstillinga.

Val av formann
Tom Tore Storås vart vald til formann i V.I.L. i eit år.

Valg av tre nye styremedlemmar.
Inge Norman Relling
Lars Magnar Ardal
Olav Melchior.

Styret. 1988.

Formann JOHN KÅRE STORÅS 1. år
STEIN I. KROHN 1 år
INGE N. RELLING. 2. år
Lars M. Utrdal 1 år
Olav MELCILTOR 2 år

Torunn Ljøen varamedlem. 1 år

Valg av Trim/FRIIDRETT. gruppe.

Det kom forslag om å redusere gruppa til tre personar. Dette vart nedstemmt.

Nytt styre vart

Arvid Tveit: 1. år
Bjørn H. Nygård. 2. år
Coby Utrdal. 2. år
GERD AUSTAD RELLING. 2. år

Valg. skistyre

Nytt styre fra 30.04.88 / 30.04.89

Håvard Engeseth 2 år
Nils M. Gjøringpeter. 2 år
Anne Kaldrussæter. 1 år
Kjetil Krohn 1 år
Geir J. Relling. 1 år

Vara: Petter Melchior.

Fotballgruppe:

Bjørn Relling
Nils M. Gjøringpeter
Inge Lilleås
Inger N. Relling.

Hyttestyre: Oddvar Hjelle. 2 år
Knut Dalhus 2 år
Komm. Snippkeulleen jo

Materialforvalter: Lars Nydal. 2 år

Økonomiutvand: Oddny K. Dahl Nygård 2år
Knut Eldar Pelling 1år
Kasserar: S. I. Krohn 1år

Valgnemnd: Oddny K. Dahl Nygård
Gerd Aurstad Pelling

Revisorar: Gudmund Pelling
Steinar Storås

Utsending til kulturutvalget

Nestformann
Petter Melchior.
KU-medlemmar Brita Melchior Pelling / Torunn Ljosen

Sak 5. Medlemskontigent.

Vaksne 30.-
Born 15.-

17. års grense.

Forslag Vaksne 40.-
Born 20.-

Medlemskontigent er endra for 1988.

Sak 6. Ymse.

Petter Melchior spurde om det fanst instruksar for kvar gruppe og om at det kunne lagast slike.
Inge Lillerås støtta forslaget. og meinte at styret kunne velje ei gruppe som kunne sjå på dette saman med eit lovforslag for laget.
Gudmund Relling meinte at ein burde sjå til at gruppene ~~burde~~ lage seg eit lite budsjett, saman med ein handlings plan. ~~at~~ ~~som~~
Styret blei oppmoda om dette blir gjord.

Årsmøte ~~ts~~ ~~skal~~ pålegg styret å sette opp lov norm for laget til neste års årsmøte

Inge N. Relling

Coby Ytredal.

Styremøte 13.12.87.
STORÅS SKJORTEFABRIKK KL. 20.

Sak 1/88 Referat.

Hvorder oppvarteriet stilling hadd.

| | |
|---|---|
| Inge N. Pelling | 20. stk. |
| Olav Melchior. | 10 stk. |
| Halvard Engseth. | 20 stk. |
| Steinar Krom. | 10 stk. |
| Geir J. Pelling | 40 stk |

1.2.88. siste frist

SAK 2/88.

SKI RENN FRISTIL
SONRENN

9/1-87. Kl. 12⁰⁰

Funksjonærstab:

Rennleiar: Bjørn Pelling.
Løypesjef: Cary Ytrdal.
Ass: Halvard Engseth. Trakkemaskin
Tidtakarsjef: Ivar Krom
Tidtakar 1 Lars M. Ytrdal
2 Steinar Storås
3 Lars Paal Storås
4. Inge N. Pelling.
Speaker : Arvid Tveit / ~~Rudolf Stadheussata~~
Startar 1 Inge Lilleås
2 ~~Olav~~ Inge Pelling

~~Sekretær/sjef. Gudmund Delling~~
Skrivarar. 1 Knut Aadne Delling
2 Bjørn H. Nygard.
3 Gudmund Delling sjef.
4.
FØRSTE HJELP: Røde Kors / Geir I. Delling ansv.
Parkeringsvakt: Karl Inge Hallås
Sambandsteneste: Leif Lars Nesheim. org. utstyr.
Sag mat/drikke: Kjell Rune Dahl ansvarleg.
Jon Ronnie Melchior.
Leiv Nordal.

SKIGRUPPE: Ansvarleg: for
Innkalling.
Premiering.
Startkontigent,
Startliste / Program.
LØYPE OVERSIKT.
Informere lensoppmann i god tid i tilfelle fortau

Sak. 13/88 Konstituering styre 1988.

Formann: Johs Kåre Storås
Nestfor: Olav Melchior.
Kasserar: Stein Lars Kaste
Sekretær: Inge Norman Delling
Styremedl. Lars M. Nordal / SKIBU sjef.

Møte slutt. 21$^{30}$

Jon Lois Storås   Inge Relling
Olav Melaaen   Eiving Yostein Relling
[illegible]   Stein Ivar Kroken
Håvard Engeseth.

# Styremøte 7.1.88.

Storås Skjortefabrikk   Kl. 20$^{30}$

Desse møtte: Jon Lois Storås, Inge N. Relling. Stein Ivar Krom.

Sak 4/88. Budsjett. 1988

Stein Ivar Krom og Jon Lois Storås presenterer for styret budsjett for 1988 før medio Februar.

Sak 5/88 Forskotering av kommunale midlar til garasje.

Forfatta brev til formannskapet om forskotering av kommunale midlar.
100 000,- til skiber
37 000,- til garasje.

Sak. 6/88. Framdrift av byggningsarbeid Skibu

Lars M. Ytredal tar kontakt med Ivar Nydal for grovriss av arbeidsplan på Skibu.

John Kåre gir disse beskjed, planane presenteast styret midt februar.

Møte avslutta 22.28

John Kåre Storås
Stein Ivar [illegible]
Inge N. [illegible]

Styremøte 22.02.88 Kl. 20.00
på Storås skøytefabrikk.

Desse møtte: John Kåre, Stein Ivar, Inge

Sak 7/88 Reiseutgifter / startkontingent 1986-87. Coby Ytredal.

Styret har vurdert reiserekningane og kome til at laget dekker startkontingenten og halvparten av reiseutgiftene.
For Strandacup dekker laget reiseutgiftene

fullt ut.
Dette blir:

| | | |
|---|---|---|
| Strandacup totalt | 1986-87 | kr. 2227,- |
| Friidrett startkort | 1986-87 | kr. 670,- |
| — " — reiser | 1986-87 kr. 2768,- : 2 | kr. 1384,- |

(Inn og utg. skriv 10/88)

Sak 8/88 Budsjett 1988.

Stein Ivar og John Kåre har sett opp eit budsjettforslag

| | Inntekter | Utgifter |
|---|---|---|
| Hovedstyre: | kr. 21500,- | kr. 7000,- |
| Skigruppe: | kr. 20.000,- | kr. 54000,- |
| Trim friidrett: | kr. 5000,- | kr. 10000,- |
| Økonomi/Arr.: | kr. 40000,- | kr. 10000,- |

Anlegg: viser til sak 5/88 der vi søkte om forskottering av kommunale midlar. Vi har fått tilsagn om kr. 69000,- i forskottering, og målet for 1988 er å få tak på skibua.
(henv. Inn og Utg. skriv 17/88)

Sak 9/88 Driftsutgifter anlegg

Idrettens kontaktutval skal sette opp ein sektorplan, og ber om ein oversikt over driftsutgifter til anlegg. ~~Fra~~ Vi kom fram til ein totalsum på kr. 45500,-
(henvising inn og utg. skriv 18/88)

SLUTT 23[00]

Stein Ivar Aske   Inge Rolling   [illegible]

STYREMØTE!

Tirsdag 8/3-88 Kl. 20[30] Stad Storås Skjørtefabr. Ls

Sak 10/88: Gjennomgang skriv.
Ingen kommentarer

Sak 11/88: Budsjett - 88. John Kåre og Stein Ivar har utarbeidd eit budsjett som vart godkjent.

Sak 12/88: Driftsutgifter anlegg -88. John Kåre og Stein Ivar har utarbeidd eit budsjett som vart godkjent
Begge budsjetta (Sak 11 og 12) er innsendt til Idrettens Kontaktutvalg.

Sak 13/88: Søknad om kulturmidlar, vart utfyllt.

Sak 14/88: Garasje: Kostnadsoverslag dugnadstimar. Oversett og kontrollert. Skibu: L.M. Ytredal ser på ~~om~~ material, om det er nok oppsaga. Vidare undersøkje prisar/anbud på vindu, ytterdører, murstein, pipe, plater etc.

Møtet heva! Kl. 11[00]

Stein Ivar Holm Olav Melømås L.M. Ytredal

John Kåre

# STYREMØTE.

Torsdag 07.04.88. Kl 20 30 hos Stein Iver Krokbrs.

Sak 15/88 Gjennomgang skriv.
Ingen kommentarer.

Sak 16/88 Papirinnsamling. Inge ringer kommuna og undersøker
prisar på transport med søppelbilen til Sykkylven.

Sak 17/88 Skibu. John Kåre spør Olav Nystad og Ivar Krokbrs
om dei kan ta på seg snikkararbeid med
oppsetting av skibu.

Sak 18/88 Påskebingoen. Vi fekk mange fine bingogevinstar
til påskebingoen frå ulike firmar og bedrifter.
Stein Iver vil sende ei takk til gjevarane, og
gi ei liten påskjønning (gratis dagskort på skitrekket)

Møte slutt Kl. 23 00

Inge N. Relling Olav Melchior. [signature]

[signature]

# STYREMØTE 28/6-88

MØTET SATT Kl. 20.00

SAK 19/88 - Gjennomgang av skriv:

- Gave Sparebanken Møre. Fått 10 ryggsekkar til "fritt" bruk.

- Søknad om langrenn -88/89. Vi satsar på soneren slik som i 87/88 samt større egenaktivitet - instruksjon div. arr.

- Avslag tippemiddelsøknader. Stein Ivar undersøkjer om ny søknad for 1988 må sendast.

- Sponsoravtale Sparebanken Møre 1/10-88 1/10-89 kr. 3.000,-.

SAK 20/88 - Skibu.

I løpet av første veka i juli skal all støyping, reina, og bjelkelag tilllagast, slik at alt er klart for å starte på å reyse hytta.

Stein Ivar ordnar byggeforsikring.

[signatures]

Styremøte 23/10-88
Møte satt 20<sup></sup>00

Sak 21/88 Gjennomgang av skriv.

Sak 22/88 Generell orintering om stoda på Lilleåsen. Hytta er no tett. Det står att og leggje krotte papp og jord på taket.
Olav Nystad, Martin Nystad og oddmund Ansok hev sett no opp i løpet av tre veker i haust. Det vart noko meir enn det vi på forhand hadde planlagt, men vi kom til at skulle vi få hytta istand til vinteren måtte vi berre ta den belastninga dette fører med seg økonomisk.

Etter diskuterte vi praktiske problem angåande drifta laget fram mot vinteren

Kasse vilde prove å få tale i madrider til ein hekk til bruk i Tom/Fosidutt.

Møte slutt 21$^{30}$

[signatures]

Styremøte 3/11-88

STAD: STORÅS SKJORTEFABRIKK KL. 20⁰⁰

SAK 23/88 Innkomne skriv ref.

SAK 24/88 N.I.L. fest -88
~~Beden med~~ Komitémedlemmer som var valgt i fjor vil få beskjed. John Kåre har ordna med musikk.

SAK 25/88 Papirinnsamling
Det vert ikkje papirinnsamling før jul, på grunn av lita avkasting økonomisk.

SAK 26/88. Medlemskontingent.
Styret gjer framlegg om heving av kontingenten til Kr. 40,- for vaksne og Kr. 20,- for born.
Med ein maksimumpris for familiar på Kr. 120,-
(foreldre + born under 17 år)

SAK 27/88 Kjøp av hekkar til trim/friidrett.
Ein vil undersøke prisar på ulike typar for eventuelt kjøp.

SAK 28/88 Lover for N.I.L.

Lovhefte fra Norges Idrettsforbund vart gjennomgått og eit lovforslag utarbeidd, Dette vert lagt fram for årsmøtet.

SAK 29/88 Årsmøte vart sett til 22.11.88.

Møtet slutt $22^{52}$

Inge Relling
L. M. Ytredal
[signature]

STYREMØTE 20.11.88.

KL. 20.00

STORÅS ~~SKO~~ KORTEFABRIKK

Sak 30/88 Byggekomite for skibua.

Disse vart valgt til byggekomite for vidare framdrift av byggearbeidet.

Stein Ivar Krohn
Harald Fossheim
Lars M. Ytteidal
Ivar Nydal.

Sak 31/88 Sakliste til Årsmøtet 22.11.88.

1. Årsmelding
2. Rekneskap
3. Valg
4. Lovforslag for N.I.L.
5. Høgding av medlemspengar.
6. Ymse

Sak 32/88 Lovforslag for N.I.L.

John Kåre vil be Inge Lilleås og Gudmund Relling gå gjennom det lovforslaget ói hav utarbeidd før årsmøtet.

Møtet slutt KL. 21.30

Olav Melemåa  [signature]  Inge Relling  [signature]  [signature]

# ÅRSMØTE 1988.

PÅ GRENDAHUSET 22.11.88.

STYRET SI ÅRSMELDING 1988.

Formann: Johan Kåre Stokås
NESTFORMANN: OLAV MELCHIOR
KASSERAR: STEIN IVAR KROHN
SEKRETÆR: INGE N. RELLING
STYREMEDLEM: LARS M. VIKEDAL
VARAMEDLEM: TORUNN LJØEN

1988 har meir enn nokon gong stått i dugnadsarbeidet sitt teikn. 550 timar er lagt ned for å få reist skibua slik ho står idag. Dette går naturlegvis ut over det idrettslege arbeidet. Likevel må ein seie at tilbodet til idrettsaktivitet har vore som før om åra, men at det kan verte betre. Samstundes er mange involvert i NORDDAL/EIDSDAL Fotballag, anten som spelarar eller medlem av styret. Dette slit på både krefter og overskot. 1989 vil krevje like mykje arbeid og pågangsmot. Gledemeldinga er at vi er komne under tak med vårt Skibu prosjekt, på dugnadsarbeidet er no ikkje bestemt av ver og vind.

Dei idrettslege aktivitetane er oppteikna i gruppene sine årsmeldingar so eg vil nemne nokre av sakene som styret har handsama. Styret har i år handsama 24 saker på 9 styremøter.

5/88 Søknad om forskotering av kommunale midlar til garasje/skibue

Søknad: 137000,- Innvilga 69000,-

6/88. Framdriftsplan av byggjearbeid Skibua
14/88 Garasje: sluttrapport kostnadar og dugnadstimar
17/88 Snikkararbeid Skibua / OLAV NYSTAD engasjert
19/88 Sponsoravtale Sp. Møre 1 års kontrakt 3000,-

Etter søknad har vi fått 14200,- i kulturmidlar frå kommunen. Handlingsforslag for laget er forberedt. Oversikt anlegg og anleggsplanar for bruk til sektorplan i kommunen nedtegna og sendt kontaktutvalget.

150 MEDLEMAR viser at vi har god støtte hjå bygdefolket. Oppgåva vår framover må vere å aktivisere fleire av desse enn vi gjer idag. Gruppene må sjå på oppgåva som ei stor utfordring i året som kjem.

Skibua står idag røyst og tetta til vinteren. Sidan januar har vi arrangert dugnadar og 27 personar har lagt ned 550 dugnadstimar. Vi rettar stor takk til desse for flott jobbing, og vonar at dugnadsinnsatsen vert like god neste år. Lars M. Ulvedal har som hyttesjef gjort ein kjempejobb som pådrivar og tilretteleggjar. Olav Nystad, Martin Nystad og Oddmund Ansok har i haust utført røysinga av hytta.

I tida framover må ein få lagt golv så vi kan få nytte hytta til vinteren. Vidare arbeid krev meir pengar og vi får tidlegast tildelt tippemidlar utpå vårparten. Ei løysing på pengeproblemet er å søkje kommunen om forskotering av kommunale midlar over nyttår.

Økonomien i laget er bra og bygdefolket stør godt opp om tilskipingane våre. Det styret for laget har etterkvart teke på seg store forpliktelsar. Budsjetterte utgifter anlegg er på 45500,-, og vil etterkvart bere aukte. Økonomisk planlegging og bruk av budsjett vil difor verte viktige middel for å få styring på økonomien. Vi har sett oss høge mål, så vi får ta oppgåvane framover som ei utfordring og handle saman på ein positiv måte. Det betyr mykje for bygda og idrettsmiljøet at vi får laget til å fungere til idrettsleg og sosial glede for alle.

Med dette seier det gamle styret takk for seg og ynskjer det nye lukke til.

John Håvard Storås formann.

Sak 1 Personar til å skrive under møteboka.
Halvard Engeseth og Bjørn Relling enstemmig valgt.

Sak 2 Årsmelding
vart opplest og godkjent.

Sak 3 Årsmelding frå gruppene

<u>Trim Friidrett:</u>
Gudmund Relling komenterte årsmeldinga, han meinte at oppslutninga ~~var noko lita i år~~ om fjelltrimmen var noko lita (ca. 20 stk), og foreslo å vurdere ei endring av opplegget, slik at det vart noko lettare for fleire å delta.
Petter Melchior støtter dette forslaget.

<u>Fotballgruppa</u>: godkjent utan komentar.

<u>Skigruppa</u>: godkjent utan komentar.

Sak 4 Valg

<u>Hovedstyre</u>: Formann: John Kåre Storås 1 år.
Olav Melchior 1 år
Inge N. Relling 1 år
Bjørn Midthjell 2 år
Torunn Liben 2 år
Vara: Kirsti Kaldhussæter
enstemmigt valgt.

Trim Friidrett: enstemmig valgt.

Bjørn Helge Nygård 1 år
Coby Ytredal 1 år
Gerd Austad Relling 1 år
Øystein Klempe 2 år

Skigruppa: frå 1/5-89 – 30/4-90 enstemmig valgt.

Hallvard Engeseth 1 år
Nils M. Grønningsæter 1 år.
Kjell Krohn 2 år
Oddvar Grønningsæter 2 år
Svein Erling Nydal 2 år

Vara: Geir J. Relling
Peter S. Melchior

Fotballgruppa:

Bjørn Relling 1.
Nils M. Grønningsæter
Oddvar Grønningsæter
Ingrid Krohn

Hyttestyre:

Oddvar Hjelle 1 år
Knut Dalhus 1 år
Representant frå „snippeklubben" 1 år

Representanten frå „snippeklubben" skal frå neste år oppsettast som ein navngitt person ~~av~~ valgnemnda.

Inge Lilleås spurte om kontraktida for leigeavtalen på Rellingsætra snart går ut. Stein Ivar Krohn ville undersøkja dette snarast.

Materialforvaltar: einstemmig valgt.
Ivar Nydal 1 år.

Økonomigruppe: einstemmig valgt
Knut E. Relling 2 år
Gunda Hjelle 2 år
Oddny K. Dahl 1 år
Kasserar N.I.L.

Valgnemnd: einstemmig valgt
Brita M. Relling
Margrete L. Methfjell

Utsendingar til Kontaktutvalget: einstemmig valgt
Olav Melchior
Gerd Austad Relling

Revisorar: einstemmig valgt
Leif Ivar Nerhus
Arne Krohn

Sak. 5 Rekneskap gjennomgått og godkjent.

Inge Lilleås bemerka at inntektene frå skitrekket er ført til inntekt på skigruppa, han meinte dette gir eit galt inntrykk av økonomien i gruppa.
Bjørn Relling støtta dette.

Sak 6 Nye lover for laget.
Inge Lilleås og Gudmund Relling har gått gjennom det lovforslaget styret har utarbeidd. Dei påpeikte kun små endringar og forslaget vart vedteken med dei endringane som vart skissert. Og forslaget vert sendt vidare til idrettskretsen for godkjenning.

Sak 7 Medlemskontingenten
Det vart vedteke å endre medlemskontingenten slik:

Kr. 40,- for vaksne frå og med 17 år
Kr. 20,- for born under 17 år

Ein maksimumspris for familiar på kr. 120,- for ~~2 vaksne~~ foreldre + born under 17 år.

Sak 8 Det vart diskutert litt ~~omkring~~ om laget fortsatt skal vere medlem i Norges orienteringsforbund. Det vert opp til Trim og Friidrettsgruppa å vurdere om det fortsatt er behov for medlemskap.

Bjørn Relling påpeikte ein del manglar med postane i fjelltrimmen som må rettast på: kart og terreng stemmer ikkje, klyper manglar og heng vanskeleg til.

Stein Ivar Krohn lefter eit forslag om å selge "gåvebrev" i skibua for å få inn kapital til det vidare arbeidet.

Olav Melchior foreslo at ein kan prøve å leige ut skihytta på Rellingsætra for på den måten å få inntekter samtidig som hytta vert meir brukt. Styret får arbeide vidare med dette.

Bjørn Relling foreslo at ein skal gi ein form for utmerkelse til dei ivrigaste dugnadsarbeidarane i forbindelse med byggearbeidet på Lilleås.

[signature] Håkand Engseth.

STYREMØTE ONSDAG 30.11.88.
PÅ GRENDAHUSET. KL 21$^{30}$

Sak 1/89 Fordeling av verv i Styret.

Leiar/Formann: John Kåre Storås
Kasserar: Jørn Midthjell
Skrivar: Inge N. Rolling
Styremedlem: Torunn Ljøen
Nestleiar: Olav Melchior

Møtet slutt KL 21$^{50}$

# STYREMØTE 16.01.89.
PÅ GRENDAHUSET. Kl. 20⁰⁰

Sak. 2/89 Søknad om forskoterim av tilskot frå Norddal Kommune

John Kåre har skrive søknad om meir forskottering av tilskottet frå Kommuna. Vi søker no om kr. 100 000,- for at arbeidet med skibua kan halde fram.

Sak 3/89. Skilotteriet

Vi tingar 100 STK. lodd i skilotteriet.

Sak 4/89. Søknad om tippemidlar.
Søknad som var sendt 25.09.88 må sendast på nytt. Dette fordi den var skriven på feil skjema. John Kåre ordnar dette.

Sak 5/89 Papirinnsamling
Inge undersøker prisar og avtalar med kommuna. John Kåre og Torunn prøver å finne lagerplass der ein kan lagre papiret ~~[illegible]~~ til ein har nok til ~~ein~~ ei levering.

Sak 6/89 Budsjett

Bjørn set opp eit budsjett for 1989.

7/89 Utdanningskontakt.
Leiaren er utdanningskontakt.

8/89 Nye lover for N.I.L.

Lovforslaget er reinskrive og John Kåre sender dette vidare for godkjenning av M og R. idrettskrets.

Møtet slutt kl. 21^00

Jorunn Synnøve Djøen
Jon Svolttjell
Terje N. Relling
[signature]

# STYREMØTE 12.03.89.

9/89 PÅSKEMARKNAD

Vi skal organisere luftgevarskyting på påskemarknaden
John Kåre og Inge ordnar med premiar og vakter.
Vi ordnar med stand for salg av medlemskort.

10/89 SALG AV MEDLEMSKORT

Styret deler salget mellom seg slik:

TORUNN: Dalesida frå Gullsmedgarden til Bøtun.
JOHN K: Dale + Ekra til Fossheim
JØRN: Storås til Engeseth og ned til Dalhus
INGE: Dunavollen og ned heile Rellingsida.

Salget skal vera ferdig til 30. april.

11/89 KULTURMIDLAR.

Jørn og John Kåre ordnar med søknad om kulturmiddlar.

Møtet slutt 21.26.53

John Kåre [signature]
Torunn Synnøve Ljøen
Jørn [signature]
Inge Relling

STYREMØTE på Grendahuset 18-9-89.
Tirsdag
Kl. 20^30

Sak 12/89. Årskort i skitrekket.

Årsavgifta vart halvert frå 300 kr. for vaksne til 150.- . Og frå 150.- til 75.- kr. for born.

Sak 13/89. Genser til laget.

Trond ser etter om interessa er for kjøp av disse.

Wenche Henden er den som er [illegible] for å laga (strikke) disse
Prisar. 350.- [illegible] liten -
400.- medium
450 stor.

Sak 14/89 Satsar for leige av trakkemaskina.

Timeleige: 200 kr. trakkemaskin.
Nerfoss

Sak 15/89 Olav Nypstad vart engasjert ei veke for innreidning av hytta (legging av panel) Deling av veggar.

Sak 16/89 Sag av skikanneds.

4 Kr. meter. antatt sagpris 3600.- kr.

John Kåre tek seg av saga.

Sak 17/89 Olav Melchior. tek Kontakt med turistforening for å sjå om dei kan vere interesserte i å bruke ho i sine planar. Slik at dette kan utnyttast betre økonomisk.

Møte avslutta

21[45]

[signature]
Jorunn Synnøve Ljoen
Inge N. Rettin
[signature]
[signature]

# STYREMØTE
## PÅ GRENDAHUSET 26.10.89.

Sak 18/89 Avtale med Sparebanken Møre om reklame.

Vi gjer avtale med Sparebanken Møre om permanent reklameskilt ved alpinanlegget på Lilleås.

Sak 19/89 Kloakkleidning frå skibua på Lilleås + vasskilde.
Søren og Inge gjer avtale med grunneigarane om korleis dette må løysast.

Sak 20/89 Forslag til lover for N.I.L.

Lovforslaget som vart sendt til godkjenning, er kome i retur med merknad om å endre paragrafane: 3,4,5,9,10,11 og 12.

John Kåre og Stein Ivar undersøker med Idrettsforbundet kva som må endrast, og få utarbeidd eit nytt forslag.

Sak 21/89 Kjøp av sporleggar

John Kåre undersøker prisen på sporleggar til trakkemaskina.

Sak 23/84 Kjøp av ~~esv~~ utmerking til trenarar for fotballaget, og til Coby Ytterdal.

Torunn og John Kåre ordnar dette.

Møtet slutt Kl. 21.~~40~~ 48

Inge Relling Jon Midtbjell Olav Meldalnes
Torunn Synnøve Ljoen
John Kåre Stene

STYREMØTE I MELCHIORGARDEN
TORSDAG 23.11.89 KL. 20⁰⁰

Sak 23/89 Utmelding frå Møre og Romsdal friidrettskrets.

Saka skal opp på årsmøte, og friidrettsgruppa har kome med ein uttale som konkluderer med at ein ikkje skal melde seg ut.

vedtak: Ein må få vurdert kva følger dette kan få for dei aktive før ein eventuellt melder seg ut.

Sak 24/89 Medlemskap i Møre og Romsdal Orienteringskrets.

Denne saka skal og opp på årsmøte.
Trim/friidrettsgruppa har kome med forslag om at medlemskapet opphører.

vedtak: Styret vil også gå inn for dette.

Sak 25/89 Sporleggar til trakkemaskina.

vedtak: Vi vedtek å kjøpe sporleggar til trakkemaskina, dette vil koste ca. kr. 10250,- + moms.

Sak 26/89 Nytt trekktau til skitrekket

vedtak: Det gamle tauet er utslitt og nytt tau må kjøpast pris ca. kr. 24 000,-

møte slutt kl. 21⁰⁰

Inge N. Relling
[illegible] Indrehjell
[illegible]
Odave Melcman
Jorunn Synnøve Ljøen

# ÅRSMØTE 1989

GRENDAHUSET DEN 01.12.89.

STYRET SI ÅRSMELDING 1989

Hovudstyret

Leiar: JOHN KÅRE STORÅS
N. leiar: OLAV MELCHIOR
Skrivar: INGE N. RELLING
Kasserar: JØRN MÅSØHJELL
Styremedl. Jorunn Lisen
Varamedl. Kirsti Kaldhussæter

Norddal I.L. har i 1989 eit medlemstal på 158. Det er veldig positivt og viser at bygdefolket støtter opp om det arbeidet som vert gjord. Noko kan verte betre og det må styret og gruppene tile neste år jobbe vidare med, ikkje minst i å aktivisere medlemmane.

Styret i år har hatt 5 styremøte og handsama 26 saker. Av desse kan ein nemne

2/89 Forskotering av komunale midlar til ski-løe. Innvilga 100000.-

4/89 Søknad om tippemidlar
Innvilga 100 000,- skiløe
37 000 - garasje

11/89 Søknad om kulturmidlar.
Tildelt 11200.-

14/89 ~~Søknad til~~ Satsar for leige av tråkkemaskin.
200,- timer m/førar.

15/89 Olav Nygstad leigd ei veke for
Snørydding av ski-leu.
18/89 Sponsor avtale med Sparebanken Møre
3års avtale tot. ca 4000,-
19/89 Kloakk og vassledning til Ski-leu
(Ikkje ferdig handsama)
25/89 Kjøp av sporlegger 12000 – 15000 kr.
26/89 Kjøp av skitau ca 22000,-

Dei idrettslege aktivitetane er oppdelena i gruppene sine års-meldingar, og speglar aktivitetane i laget.
All-idrett er eit begrep som idrettsforbundet prøver å få laga til å arbeide etter. All-idrett vert retta mot born under 12-13 år og gjer på at desse bør drive så allsidig som mogleg, ikkje spesialisering i so tidleg alder. N.I.L har alle føresetnader til å drive etter denne modellen. Vi har både anlegg og utstyr og kan tilby både eldre og yngre eit breidt utval av aktivitetar, vi må no gjer oss nytte av det vi har bygd opp.
Konkurranseaktiviteten i laget er ikkje stor, men dei som engasjerer seg markerer laget på ein framifrå måte. Geir Nordal står på sommar og vinter med gode resultat. I år vart ho tildelt Birkebeinar diplomet som går til dei som har teke merket 5 gonger. Norddal/Eidsdal F.lag rykka ned i 7 div. [illegible] i ein veldig bra sesong, som vart avslutta med 2. plass i cupen. Best på Sunnmøre! Flotte prestasjonar som viser at vi kan om vi vil. N/E vil prøve neste år på sommarligaen kanskje. Dei skal ta seg av fotballen på Norddalsida, og på dei yngre. Skulle tilbodet verte forlengt frå laget [illegible] å oppretta ny fotballgruppe, tida vil vise.
Arbeidet med skibua går jamt og trutt sjølv om det har gått litt tregare i haust. Ein må berre [illegible] tålmodig vidare, i løpet av vinteren er vonaleg det meste gjort.
Utvendig står det lite att, takk til Brande og Bjørke som sponsa oss med gratis leig til bygg og garasje. Løysinga av kloakk og vass-saka vart det arbeid med, og vonar vi få avgjort no i løpet av vårparten. Laget har fått rydda trasé til Storvatnet slik at traktor kan kome seg problemfritt fram. Skigruppa har tankar med eit [illegible] til/rundt Storvatnet tilleåsen. Interessant idé. Det gamle styret seier takk for seg og ynskjer alle eit godt nytt idrettsår. John K. Storås formann

sak 1. Valg av personar til å skrive under møteboka.

Bjørn Helge Nygård og Inge Lilleås enstemmig valgt.

sak 2 Årsmelding

Årsmeldinga vart opplest.
Inge Lilleås hadde merknad til at styret hadde teke ein noko høg pris på utleige av traktormaskina. Han ba det nye styret vurdere prisen på nytt.

Inge Lilleås hadde også merknad til at kulturmidlane var redusert i forhold til tidlegare. Det vart orientert om grunnen til dette, som er at blant anna Tafjord I.L. fekk ein større andel enn tidlegare. Ein annan grunn er at Norddal-Eidsdal Fotballag får ein eigen andel direkte.

Petter Melchior spurde kvifor fotballgruppa blir nedlagt, og om dette må vedtakast på årsmøte.
Petter M. foreslo at det skal velgast minst ein person som skal vere ansvarleg for fotballgruppa i tillegg til Norddal-Eidsdal Fotballag.

Bjørn Helge Nygård meinte at opplegget med All-idrett var ein god idé og arbeide vidare med.

årsmeldinga vart ellers ~~vedtek~~ godkjent.

sak 3. Årsmelding for Skigruppa

vart opplest utan merknader

sak 4 Årsmelding for Trim-Friidrett gruppa

vart opplest utan merknaden

sak 5. Årsmelding for Fotballgruppa

vart opplest utan merknader

sak 6 Rekneskap

Jørn Midthjell orienterte om rekneskapen

Petter M. meinte at dersom ein hadde fleire arrangement i skigruppa med litt salg av drikke os.v, ville dette føre til meir inntekt for skigruppa

Arne Krohn hadde forslag om at rekneskapen burde ha ein eigen post for anlegg, for at sluttresultatet skal visa eit korrekt bilete av økonomien.

Stein Ivar Krohn hadde forslag om at Arne Krohn, Leif Ivar Nerhus og Jørn Midthjell skal utarbeide ny plan for rekneskapen som betre syner forskjellen mellom anlegg og driftsresultat.
Dette vart vedteke. Rekneskapet vart godkjent.

Sak 7. Val:

Hovedstyre:

| | | |
|---|---|---|
| formann: | John Kåre Storås | 2år |
| styremedlem: | Stein Ivar Krohn | 2år |
| styremedlem: | Inge Normann Relling | 2år |
| | Jørn Midthjell | 1år |
| | Jorunn Synnøve Ljøen | 1år |
| Varamedlem: | Kristi Kaldhussæter | 1år |

Trim/Friidrett:

| | |
|---|---|
| Bjørn Helge Nygård leiar/formann | 2år |
| Coby Ytredal | 2år |
| Gerd Austad Relling | 2år |
| Øystein Klumpe | 1år |

Skigruppa: (1/5-90 – 30/4-91)

| | |
|---|---|
| Kjetil Krohn | 1år |
| Oddrun Grønningsæter | 1år |
| Svein Erling Nydal | 1år |
| Hallvard Engeseth | 2år |
| Oddmund Dalhus | 2år |

Desse konstituerer seg sjølve før 1/5-90

Varamedl.:

| | |
|---|---|
| Roar Hjelle | 1år |
| Peter Karl Melchior | 1år |

Fotballgruppe: Petter Melchior 1 år
Han blir kontaktperson mellom N.I.L. og N.E.Fc.

Hyttestyre: Gunn Relling 2 år
Bjørn Relling 2 år
Bergljot Dahl (representant frå Spippeklubben) 2 år

Matrialforvalter: Jan Olav Kaldhussæter 2 år

Styret vart pålagt å gi matrialforvaltaren instruks.

Økonomigruppe: Knut E. Relling 1 år
Gunder Hjelle 1 år
Tordis Grøningsæter 2 år
Jon Midthjell Vars. 1 år

Valgnemd: Ellen C. Melchior
Ola S. Relling

Det vart sett fram forslag om å utvide valgnemda med ein medlem frå styret.

John Kåre Storås vart valgt.

Revisorar: IVAR Nydal
Leif Ivar Nerhus

Utsendingar til Kontaktutvalget:

Styret blir pålagt å velge utsendingar frå styret.

sak 8. Utmelding frå Friidrettskretsen.

Brev frå Trim-Friidrettsgruppa vart referert med konklusjon at ein ikkje skal melde seg ut.

Vedtak: laget melder seg ikkje ut av kretsen, einstemmig.

sak 9. Utmelding frå Orienteringskretsen

Brev frå Trim-Friidrettsgruppa vart referert med konklusjon at ein bør melde seg ut.

Arne Krohn og Inge Lilleås meinte at vi fortsatt burde vere medlem. Inge Lilleås sette fram forslag om dette.

Dette forslaget vart einstemmig vedteke.

sak 10 Vedtekter for laget.

Det vart vedteke å bruke lovnorm nr. 1 frå Norges Idrettsforbund som lover for N.I.L., samrøystes.

Sak 11 Utleige av N.I.L. Hytta på Rellingsætra.

Det vart vedteke at Hyttestyret arbeider vidare med denne saka.

Sak 12 Gåvebrev for Skibua på Lilleåsen

Stein Ivar Krohn orienterte om planane med å selge gåvebrev for Skibua. Det er blitt opptrykt brev med teikning av hytta.
Det er meininga å ~~selge~~ ~~[illegible]~~ gi desse som eit bevis og takk for gåven til skibua.

Til slutt vart det diskutert ein del om arbeidet i laget framover.
Ein må i framtida prøve å tilrettelegge bedre for sportslege aktivitetar, og sørge for at eventuellt nye talent blir følgt opp.

Inge Lilleås
Leif Ivar Verkus

Bjørn Helge Nygård